



FOLKSAMT: Bøkkar Jostein Gangstø demonstrerer tønne-making. På både nye- og gamlemåten. (Foto: Kjell Magnus Økland)



DUELL: Kven er raskast til å setja opp ei tønne? Heldigvis vart resultatet uavgjort.



VETERAN: Olav Gangstø (93) snakka om kor viktig det er å ta vare på tradisjonar og handtverk.

400 tok turen til Tønnegarden

Dei fekk både talkshow og bøkkarkamp, dei om lag 400 personane som søndag tok turen til Kystsogedag på Tønnegarden.

Bøkkar Jostein Gangstø og Economuseet Tønnegarden var for fyrste gong vertskap for Kystsogedagen i Nore Fusa.

– Vi har aldri hatt så mange folk innom her før. Det er ny rekord, seier ein nøgd Jostein Gangstø.

Sjølvs demonstrerte han tønne-making på både nytt og gammalt vis.

– Når delene er klare på førehand, tek det ikkje så lange stunda, fortel han.

Oppfinnsomme som familien Gangstø er, ordna sønene Oddvar og Rune visning på storskjerm via direktesending på mobil. Dermed fekk dei fleste fram-møtte sjå godt.

Dagen inneheldt også opning av det nyinnreia Tønne-loftet, som no er ferdig selskapslokale. Her var det fotoutstilling om tønner og kystkultur i Nore Fusa.

Veteranbøkkar og far til Jostein, Olav Gangstø på 93, heldt tale.

– Det er viktig at bøkkarhandtverket vert ført vidare til nye generasjonar, meinte han.

Dagen var eit samarbeid mellom Tønnegarden, Bogøy Bygdeutval, Holme-fjord Bygdeutval, Fusa kommune og

Kystsogedagane.

– Freistar det til gjentakning når dagen vart ein slik suksess?

– Det gjer det, men sidan arrangementet var eit samarbeid mellom fleire aktørar, lyt vi saman finna ut om dette er noko vi skal gjera igjen. Eg må forresten gje ein ekstra ros til bygdefolket som har stått sånn på, seier Gangstø.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**
anne-marie@osogfusa.no

Vil starta fotballpub på Hannes

Med konditori, bar og jam har Hannes fått ein svært god start. No kli-ner dei også til med fotballpub.

► OSØYRO:

Det var i samband med rigginga til til måndagens valvake for Ap han fekk ideen. Bjørn Bosse Sigurdjonsson fekk rett og slett litt kick av å montera opp storskjerm og kopla opp høgtalar-anlegg til skjermen.

– Eg kjente det i kroppen då eg monterte anlegget søndag kveld. Det var noko rett med heile prosjektet. Då eg køyrde nokre prøvevideoar slo det meg. Pokker heller: Me må jo ha en fotballpub her også, ler Bosse på sitt karakteristiske vis.

Ledig tid

«Barsjefen» i Hannes konditori og mu-

sikkbar konsentrerer seg no fullt og heilt om å driva plassen.

– Eg er slik. Når eg først engasjerer meg, så går eg fullt og heilt opp i det. Du anar ikkje kor mange planar eg har for denne plassen no, seier Bosse og ler endå meir.

Meir alvorleg legg han til:

– Det er viktig å syta for at det skjer noko heile tida. Laurdag og søndag ettermiddag har vore ledig. No blir det fotballkampar på storskjerm for dei som måtte ønskja det, konstaterer Bosse.

– Har de tid til dette mellom kafè- og bar-driften då?

– Dette er dei timane då Hanne og eg har brukt å ha fri. No fyller me opp dei også, smilar Bosse.

Champions league-kveldar

Via vener og kjente har han forstått at det har vore eit ønske om ein ny samlingsplass for fotballfolket etter at Solsiden vart lagt ned. No håpar han mange av desse finn vegen til Hannes.

– Me gjer eit forsøk. Om folk likar



MANN MED MANGE JERN I ELDEN: Bjørn Bosse Sigurdjonsson har mange planar for Hannes konditori og musikkbar. Snart opnar dei staden for fotballfolket også.

det, blir det meir. Kanskje opnar me opp for Champions League-kveldar om tysdagen og onsdagen også, seier Bosse.

► Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no